

Vindafjord kommune

Rådhusplassen 1
5580 ØLEN

DYKKAR REF: | VÅR REF: 10248356
DOKUMENTKODE: 10248356-01-PLAN-PBL-
TILGJENGE: Ope

Stord, 27. mars 2023

BREMNES SEASHORE AVD TROVÅG AS

Søknad om reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14 i reguleringsplan for Trovåg settefiskanlegg, Vindafjord (PlanID: 1160-18-05)

Med dette vert det søkt om reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14 for ein del av reguleringsplanen for Trovåg settefiskanlegg.

Detaljprosjektering av inntaksleidning medfører at ein kan avgrensa regulert areal i Malasetvatnet, og føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag (V2*) er redusert frå 40,5 dekar til 23,8 dekar. Omsynssone H410 er redusert tilsvarande.

Planendring

I dag har Bremnes Seashore 3 stk. Ø 400 mm inntaksleidningar i Malasetvatnet, i tillegg til uttak direkte frå damanlegget via ein Ø630 mm leidning ned til anlegget. Dei 3 leidningane i Malasetvatnet ligg på ca. 7 meters djupne og vatnet ved damanlegget vert fort varma opp før uttak, spesielt om sommaren. Dette gjer at Bremnes får store variasjonar i temperaturen på vatnet som kjem ned til anlegget gjennom året. For å kunne få eit meir stabil temperert vatn på inntaket, vart det i gjeldande reguleringsplan lagt opp til ny inntaksleidning frå djupare nivå i Malasetvatnet. Planavgrensinga var den gong angitt ut i frå lodding i området.

Bremnes Seashore AS har no gjennomført botnskanning av Malasetvatnet og funne at det djupe partiet i vatnet ligg lenger mot sør enn tidlegare antatt. Dagens reguleringsplan medføre stopp på djupe 15 meter, medan forslag til ny reguleringsendring gir trase med stopp på djupne 24 meter. Inntak 9 meter djupare medføre betre tilhøve for meir stabil temperatur på vatnet året rundt. Bremnes har ikkje behov for areal utover dette. Ein trase med breidde 20 meter vert difor regulert inn og arealbeslaget vert dermed kraftig redusert, frå ca. 40 dekar til ca. 24 dekar.

Malasetvatnet er ein innsjø på om lag 0,62 km² med vass spegl på omlag på 23 moh. Sjølv om innsjøen er regulert er den ikkje rekna som ein «sterkt modifisert vassførekomst» (SMVF). Føremålet med magasinet i dag er å forsyne settefiskanlegget ved Trovåg med ferskvatn til fiskeproduksjon. Økologisk tilstand for Malasetvatnet er vurdert å vera god. Kjemisk tilstand er i stor grad ukjent. Det er ikkje registrert i Mattilsynet sine databasar at det vert teke ut vatn frå Malasetvatnet etter drikkevassforskrifta, men det er kjent at settefiskanlegget og private tek ut drikkevotn frå vatnet.

*Forkorting av føremål etter gamal koding

Reguleringsendring

Inntak av vatn krev konsesjon frå NVE og Trovåg settefiskanlegg har gjeldande konsesjon som vert nytta. Ny leidning vil ikkje medføre uttak av meir vatn, berre meir stabilt temperert vatn, som medfører at energiforbruk for temperaturregulering av vatnet vert mindre.

Den nye leidninga vil gå frå damanlegget, under fylkesvegen og ut til 24 meters djupne, totalt 675 meter. Leidningen skal leggjast med Ø 630mm, og vert forankra på botn anten med lodd som er festa på røyret eller at ein nyttar dobbeltveggrøyr med innebygd loding. Plan og lengdeprofil av trase er vedlagt.

Intensjonen bak planendringa er uendra og er lik som i gjeldande plan. Ny botnskanning gjer at lokasjon av djupna i vatnet er litt lenger sør enn tidlegare loding tilsa. Bremnes Seashore har ikkje behov for areal utover dette. Difor vert det ein reduksjon i regulert føremål i Malasetvatnet.

I samband med nytt vegkryss til Trovåg skal det fyllast ut i Malasetvatnet og etablerast røyr under vegen for sikring av 200-års flaum og ny inntaksleidning. Det føreligg godkjende teikningar for nytt vegkryss av Rogland Fylkeskommune avd. forvaltning. Det er gitt løyve om fysiske tiltak/godkjenning frå Statsforvaltar Rogaland til fylling i Malasetvatnet i samband med realisering av nytt vegkryss på Trovåg.

Planendringa skuldast

- Betre botnskanning gir grunnlag for traseval til inntaksleidning
- Detaljprosjektering avgrensar behovet for regulert areal i Malasetvatnet
- Redusjon av regulert areal i Malasetvatnet frå ca. 40 dekar til ca. 24 dekar
- Legging av inntaksleidning må skje samtidig med utbetring av nytt vegkryss
- Inntaksleidning vil gå i kulvert under fylkesveg
- Uttak av vatn i samsvar med konsesjon gitt av NVE
- Energiforbruk for temperaturregulering av vatnet vert mindre ved meir stabilt inntaksvatn
- Energibesparing er eit miljøtiltak

Reguleringsendring

Plankart FØR - NO




Figure 0-1 Gjeldende reguleringsplan. Kjelde: (Multiconsult, 2020)




Figure 0-2 Plankart endring. Kjelde: (Multiconsult, 2023)

Føresegn

Det vil ikkje vera behov for endring i føresegn knytt til denne planendringa.

Punkt 3.5.1 vert vidareført slik den er i dag: *Malasetvatnet er regulert til dette. Her vil det vera avgrensa bruk av området pga. konsesjon for uttak av vatn til settefiskanlegget. I området kan det etablerast nye inntaksrør for vatn.*

Elles er drikkevatt frå vatnet sikra i punkt 2.3.4 i føresegn.

Høyring av planendringa

Det er gjennomført høyring av planendringa. Varsel vart sendt ut 17.02.2023 med merknadsfrist 22.03.2023. Det kom inn 6 merknader som er summert opp og kommentert/vurdert i vedlegg 7. Vedlegga 7.1-7.6 er kopi av merknadane. Varsel om reguleringsendring, kvittering for varsling, eigarliste offentlege instansar/naboar og annonse er lagt ved som vedlegg 8-12.

Det er ikkje kome inn vesentlege merknader til endringa.

Oppsummering

Plan- og bygningslova §12-14, andre ledd, gjev opning for å vedta endring av reguleringsplan etter ein enklare prosess når endringa i liten grad vil påverka gjennomføring av planen, ikkje gå ut over hovudramma i planen, og heller ikkje påverka omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Multiconsult meiner ein gjennom dette brevet, samt vedlagt notat (vedlegg 2), har tydeleggjort at endringa ikkje vil få verknader på desse tema.

Reguleringsendring

Sidan reguleringsplanen vart vedteken i 2020 har Kommunal- og distriktdepartementet stadfesta nye feltnamn til reguleringsplanar i november 2021. Sidan dette er ei mindre endring av plan etter ein enklare prosess har ein bevisst valt å ikkje endre feltnamna i planen.

Med venleg helsing

Multiconsult Norge AS

Vedlegg:

2. Notat om vurdering av planendring opp mot ulike tema dato 17.02.2023
3. Gjeldande føresegner dato 15.12.2020
4. Plan og lengdeprofil inntaksleidning datert 09.02.2023
5. Gjeldande plankart dato 15.12.2020
6. Plankart endring 1 dato 06.02.2023 (PDF + SOSI)
7. Vurdering av innkomne merknader dato 23.03.2023
- 7.1 Rogaland fylkeskommune, plan, miljø- og samfunnsavd dato 01.03.2023
- 7.2 Rogaland fylkeskommune, seksjon for kulturarv dato 17.03.2023
- 7.3 Statsforvaltaren i Rogaland dato 22.03.2023
- 7.4 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) dato 22.03.2023
- 7.4_a NVE - Oppgradering av fylkesvegen med ny avkøyrsel dato 30.01.2023
- 7.4_b NVE - Konesjon Malasetvatn dato 07.10.2006
- 7.5 Mattilsynet dato 28.03.2023
- 7.6 Alf Magnus Haaland Frønsdal (338/12) dato 27.02.2023
8. Varsel om reguleringsendring_Trovåg settefiskanlegg dato 17.02.2023
9. Varsel kvittering dato 17.02.2023
10. Adresseliste off mynde mfl mottatt frå VK
11. Eierliste_17.02.2023_08.50 mottatt frå VK
12. annonse Hgsd avis 22.02.23